

Fiskeri-og kystdepartementet

Pb. 8118 Dep

0032 OSLO

Att.: Ane Storvestre Bjørkum

Dykkar ref.:  
Høyring 18.nov 2010

Vår ref.:  
2010/100020-69

Oslo 20. desember 2010

### **TILSVAR: HØYRING AV FORSKRIFT OM KAPASITETSAUKE I LAKSE- OG AUREOPPDRETT 2010 I FINNMARK OG TROMS.**

Vi viser til Fiskeri –og kystdepartementet sitt høyringsbrev, medrekna høyringsnotat, datert 18.november d.å. der FKD tek sikte på å gi tilbod om å auke maksimal tillaten biomasse (MTB) for løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure med 5 % i 2010 i Finnmark og Troms.

I høyringsnotatet er det gjort greie for bakgrunnen om kapasitetsauken og kvifor denne berre er aktuell i Finnmark og Troms. Forskrifta om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrettsnæringa vart sendt på høyring 13.oktober 2009, der forslaget gjekk ut på at etablerte oppdrettsaktørar i heile landet - unnateke enkelte kyst og fjordområde der vekst ikkje vart vurdert som miljømessig berekraftig - skulle få tilbod om å auke MTB for løyve til oppdrett av salmonidar med 5 %. Grunna lakselussituasjon med høg førekomst og nedsett effekt av lusebehandlingsmidla frå og med Helgeland og sørover, vart det i desember 2009 avgjort at kapasitetsauken i 2010 skulle utsetjast.

Forvaltninga har fylgt utviklinga av lakselussituasjonen nøye. Mattilsynet har konkludert med at lakselus grunna klimatiske tilhøve ikkje vil utgjere ein trussel nord og aust for Ullsfjorden i Nord-Troms. Mattilsynet har og vurdert det slik at 5 % auke av dagens 900 tonn MTB ikkje vil auke risikoen med tanke på ei forverring av lusesituasjonen i fylket. Dermed meiner regjeringa at den tidlegare vedtekne kapasitetsauken på 5% kan gjennomførast i Finnmark og Troms. Auken gjeld ikkje løyve til særlege formål (FoU-konsesjonar). Næringsaktørar får tidsavgrensa høve til å søkje om utviding av løyve med 5%. Det er vidare i høyringsnotatet gjort greie for korleis det skal søkjast og korleis sakshandsaminga skal gjerast (medrekna rett til å klage på avgjerda), samt storleiken på vederlaget til staten for auken av løyvet.

Innovasjon Norge har forståing for at igangverande oppdrettsanlegg for salmonidar i Finnmark og Troms ønskjer auka kapasitet. Og for dei fleste lokalitetane vil ikkje ein 5 % auke av biomassen gjere store utslag på lakselus, som i hovudsak fins i mindre tal i regionen enn kva ein finn lenger sør.

IN er einig i at alle kan søkje, men vi vil oppmode til at det samstundes stillast krav i høve til andre forskrifter - som til døme driftsforskrifta. Dette vil vera viktig når ein kjem ut for tapsauke og når det vil vera aktuelt å slakte ut mykje biomasse innan eit gjeve

tidsspenn for å minimere tap og for å redde verdiar mellom anna for investorar og lånegivarar. Omdømesituasjonen og utfordringar versus lakselussituasjonen kan vera lett å undervurere - sjølv for næringa. Vi vil difor generelt oppmode til varsemd med aukiing av biomassen. At forskrifta om kapasitetsauke er avgrensa til Troms og Finnmark er difor viktig, til ein er i stand til meir effektiv lakselusminimering i lakse-, aure- og regnboge-anlegg i resten av landet. Tåleevnen til villaksen vs lakselus bør difor vera svært viktig for å tilpasse bærekraftig vekst i Troms og Finnmark i framtida.

Med venleg helsing  
for Innovasjon Norge



Inger Solberg  
avdelingsdirektør



Svein Hallbjørn Steien  
veterinær AVSF

Kopi: Bjørn Nordby, arkiv, Riksrevisjonen